

Til: Styremedlemmane (med kopi til varamedlemmane)

## Referat STYREMØTE 1/26 SUNNMØRE FRILUFTSRÅD

Tid: Tysdag 3. mars 2026 kl. 18.00 – 20.30

Stad: Sunnmøre friluftsråd sine lokaler Stettevegen

Kommune	Styremedlemmar 2024/25	Vararepresentantar
Fjord	Eva Hove - leiar	Almar Bonsaksen Remme
Ulstein	Berit Sandvik Skeide - nestleiar	Stig Ole Borgundvåg
Giske	Jan Ove Skodje	Kjersti Valderhaug Bakke
Haram	Guttorm Andreas Kjerstad (forfall)	Kathrine Pernille Beite (forfall)
Hareid	Annika Brandal (forfall, vara møter)	Bernhard Harkjerr
Herøy	Janne Katrin Hansen Sævik	Torbjørn Hide
Sande	Sindre Slettestøl	Sara Fugledal Wiik
Stranda	Thomas Roset	Gunnhild Kvam
Sula	Nils Erik Bjørkavåg	Aase Vegsund
Sykkylven	Sveinung Vemøy	Eva Eline Tandstad
Vanylven	John Willy Klungre	Njål Sivertstøl
Vestnes	Ragnhild Tandstad	Arve Øverås
Volda	Annlaug Stokke	Stig Helland
Ørsta	Bente Iren Flåvik Bjørndal	Marita Aklestad
Ålesund	Thea Elise Vestre Aasen (forfall)	Thor Erik Aag (forfall)
Ålesund	Ole Grebstad	Unni Kristin Wiik
Tilsettrepr.	Hilde Ellingsæter	Christer Lundberg Nes

Innkalling er sendt på e-post til faste styremedlemmar tidleg via Outlook-kalenderen. Sakslista er sendt ut 12. februar 2026.

Dersom du ikkje kan møte, ber vi om at du melder i frå til din vararepresentant. Gje melding til dagleg leiar dersom vara stiller eller ingen kan kome.

Innkallinga vert sendt til vararepresentantane til orientering. Møteprotokoll og saksdokument til representantskapet vert sendt kommunane, fylkeskommunen og FL.

**Saksliste:**

Saksnummer:	Tittel:
Sak 1/26	Godkjenning innkalling, saksliste og referat sist styremøte
Sak 2/26	Sunnmøre friluftsråd – Marin forsøpling
Sak 3/26	Representantskapsmøte i Sunnmøre friluftsråd 2026 – innstilling frå styret <ul style="list-style-type: none"> <li>• Årsrekneskap 2025</li> <li>• Årsmelding 2025</li> <li>• Handlingsplan 2025-2027 med årsplan 2026</li> <li>• Budsjett 2026</li> <li>• Medlemskontingent 2027</li> <li>• Val 2026</li> </ul>
Sak 4/26	Meldingssak: Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal årsmelding og årsplan
Sak 5/26	Orientering om status for statleg friluftsområde «Prinsen» i Ålesund kommune med tilhøyrande bygningar.
Sak 6/26	Eventuelt

**Sak 1/26: Godkjenning innkalling, saksliste og referat styremøte**

Innkallinga vart sendt i februar, og sakslista vart sendt ut 12. februar 2026.

Referat frå styremøte 11. desember 2025 er sendt ut tidlegare og [ligg i denne lenka](#).

**Vedtak:**

*Innkalling og saksliste vert godkjend.*

*Referat frå styremøte 11. desember 2025 vert godkjend.*

**Sak 2/26: Marin forsøpling – Sunnmøre friluftsråd**

Det er reduksjon i midlar til marin forsøpling. Tilgjengelege midlar for 2026 er i rett overkant av eitt årsverk. I tillegg har vi noko driftsmidlar knytte til ryddeaksjonar. Det er ikkje noko signal om fleire eller andre midlar å søkje på for å dekke inn meir enn ei stilling.

**Vedtak:**

*Styret tek orienteringane til vitande.*

## Sak 3/26 Representantskapsmøte i Sunnmøre friluftsråd 2026 – innstilling frå styret

### Saksopplysning:

Representantskapsmedlemmane og styremedlemmane er innkalla til årets representantskapsmøte **onsdag 18. mars 2026** på Ishavsmuseet i Hareid kommune. Representantskapet startar med synfaring på «Rotarystien» på Hareid. Innkallinga var utsendt i januar 2026.

- Lenke til [innkalling representantskapsmøte 2026](#)
- Lenke til [møtebok representantskapsmøte 2025](#)
- Lenke til [ekstraordinært representantskapsmøte 2025](#)

Her er framlegg til sakliste og innstilling til vedtak for representantskapsmøte 2026. Styret gjennomgår saklista med vedlegg, og godkjenner (evt. endrar) innstillingane. Etter styremøtet vert saklista sendt til representantskapsmedlemmane.

### Framlegg til sakliste:

- Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste. Registrering oppmøte årsmøteutsendingar.
- Sak 2: Val av ordstyrar og sekretær, og to til å skrive under protokollen
- Sak 3: Årsrapport 2025 - vedlegg (utkast)
- Sak 4: Årsrekneskap 2025 - vedlegg
- Sak 5: Medlemskontingent 2027
- Sak 6: Andre innkomne saker
- Sak 7: Handlingsplan 2025-2028 med arbeidsplan for 2026 – endeleg vedlegg vert ettersendt
- Sak 8: Budsjett 2026
- Sak 9: Val 2026. Valnemnda får oversendt kommunane si innstilling til eigne styremedlemmar.
- Sak 10: Val av valnemnd

### Særleg om sak 5 Medlemskontingent for 2027:

Frå 2020 til 2026 er medlemskontingenten auka frå 19,09 kr til 21,63 kr pr. innbyggjar. I styresak 32/24 vedtok styret følgjande: «Styret vil innstille til rep.skapet at medlemskontingenten for 2027 ikkje skal aukast.»

### Vedtak:

Styret godkjenner saklista for representantskapsmøtet 18. mars 2026 som vist over. Styret innstiller på at representantskapet godkjenner følgjande saker/vedlegg:

- Sak 3: Årsrapport 2025
- Sak 4: Årsrekneskap 2025
- Sak 7: Handlingsplan 2026-2027 med arbeidsplan for 2026
- Sak 8: Budsjett for 2026

Til sak 3, 6, 7 og 8: Dagleg leiar får fullmakt til å gjere nødvendige justeringar og ferdigstilling i saksdokumenta før utsending til representantskapet. Dersom det eventuelt vert behov for større endringar, skal AU behandle dette.

- **Sak 5: Medlemskontingent for 2027**  
Styrets innstilling: Kontingent for medlemskap i Sunnmøre friluftsråd på 21,63 kr. pr innbyggjar vert vidareført i 2027.
- **Sak 9: Val 2026**  
Val skal skje i samsvar med samarbeidsavtalen §5 pkt. 12. Valnemnda innstiller til styre, styreleiar og nestleiar. Valnemnda si innstilling vert lagt fram på representantskapsmøtet
- **Val av valnemnd 2027**  
Medlemmane i valnemnda sit i tre år. I år går Martin Kjøpstad (Vestnes) ut av valnemnda etter tre år. Bernhard Harkjerr fortset i valnemnda. Styret innstiller på ny varamedlem eitt år: Arild Holmeide

Valkomité	Valperiode	Namn
Leiar	2023-2027	Bernhard Harkjerr (Hareid)
Medlem	2024-2028	Karen Høydal (Ørsta)
Medlem	2026-2029	Jon Kåre Osdal (Vestnes)
Vara	Eitt år	Arild Holmeide (Ålesund)

#### **Sak 4/26 Meldingssak: Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal årsrapport 2025 og arbeidsplan 2026**

##### **Saksopplysning:**

Årsrapport for Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal 2025 og arbeidsplan 2026 er behandla i eige driftsstyre. Den vert framlagt for styret i Sunnmøre friluftsråd til orientering. Rekneskap 2025 og budsjett 2025 for skjærgårdstjenesta går fram i arbeidsplan (siste side). Tenesta er også omtalt i friluftsrådet si årsmelding 2025 og handlings- og arbeidsplan.

##### **Vedlegg:**

- Årsrapport Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal 2025
- Arbeidsplan Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal 2026

##### **Vedtak:**

Styret tek årsrapport 2025 og arbeidsplan 2026 for Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal til orientering.

#### **Sak 5/26 Orientering om status for statleg friluftsområde «Prinsen» i Ålesund kommune med tilhøyrande bygningar.**

**Saksopplysning:**

Det nye statlege friluftsområdet i Ålesund kommune, Prinsen camping, skal få fjerna bygningar som ein del av tilrettelegginga for området. Servicebygget med kafe, lager, sanitæranlegg og kjøkken skal stå att som ein del av friluftsområdet. Det skal gjerast mindre ombyggingar for å sikre universell utforming av toaletta. Sunnmøre friluftsråd har meldt interesse for å overta bygget mot heilårsdrift med friluftaktivitetar. Friluftsrådet har levert ei projektskisse som viser korleis området kan utviklast til eit aktivt friluftsområde særleg retta mot yngre og eldre brukarar

**Vedlegg:**

Projektskisse for Prinsen friluftshus - utkast

**Vedtak:**

*Styret tek orienteringane til vitande. Dagleg leiar orienterer styret ved utviklinga av saka.*

**Sak 6/26 Eventuelt****- Revisorbrev 1. Møre og Romsdal Revisjon SA**

Dagleg leiar orienterte om bakgrunn for revisorbrev 1.

**Vedtak:**

Styret ber om at dagleg leiar følgjer opp saka formelt og korrekt.